

Fra: Eva Katrine Ritland Taule (Eva.Katrine.Taule@hfk.no)

Sendt: 26.09.2014 16:18:16

Til: Ole Vegard Skauge

Kopi: Marit Rødseth; Per Morten Ekerhovd

Emne: SV: Forprosjekt Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Vedlegg: image001.jpg

Hei

Planseksjonen har jo deltatt i prosjektet og er såleis både positiv til prosjektet i seg sjølv og meiner at det er eit rett utval av område som er plukka ut.

Her er likevel nokre ord:

Planseksjonen ser på arbeidet med kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland som ein operasjonalisering av plantemaet kulturminne/kulturmiljø der også tilhøve til landskapskonvensjonen er tatt med.

Arbeidet er ei styrking av kunnskapsgrunnlaget for dette temaet og vil vere eit nyttig grunnlag for regionalt planarbeid. Til dømes for arbeid med Regional plan for landskap, grønstruktur og friluftsområde i Hordaland som er vedtatt starta opp i Planstrategi for Hordaland 2012-2016.

Vi meiner også at arbeidet vil vere til hjelp og nytte for kommunane. Ved at dei aktuelle områda vert vist i kommuneplanen med omsynssone, kan kommunen i einskildsaker og reguleringsplanlegging sørge for at utviklinga i området går i rett retning. Slik vert kommunane sjølv ansvarleggjort og kommuneplanen vert eit betre verktøy.

Venleg helsing

Eva Katrine R. Taule

Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | Planseksjonen

Fra: Ole Vegard Skauge

Sendt: 22. september 2014 16:20

Til: Marit Rødseth; Gudrun Mathisen

Kopi: Per Morten Ekerhovd; Tore Sløning; Eva Katrine Ritland Taule

Emne: Forprosjekt Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Hei.

I samband med forprosjekt *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* skriv vi sak til KURE, der komande møte er 22.10.

Viser til ePhorte sak nr 2014/15770, og ber om innspel innan fredag 27.9.

Med helsing,

Ole Vegard Skauge

Spesialrådgjevar
Kultur- og idrettsavdelinga
Seksjon for kulturminnevern og museum
Tlf.: +47 55 37 80 57
ole.vegard.skauge@hfk.no

